

Det er i ferd med å bli ein årleg tradisjon at EDO spelar opp til bryggjedans i Uskedalen og laurdag skjer det igjen. Som før er arrangementet eit fruktbart samarbeid mellom EDO og båtlaget.

Det populære lokale dansebandet har i den seinare tid vore så mange gonger i Uskedalen at det i seg sjølv snart er ein tradisjon. For kort tid sidan har det spela både i Dønhauglåven og Helgheim – den siste staden i samband med videoproduksjonen "Bygdafest" som vart sendt i NRK 2 (Dansefot-svisj). Tidlegare har dei spela inn video på "Lubbesild og kalde pote" på Dønhaug.

EDO kan i høgste grad kallast veteranar, for dei starta faktisk så tidleg som i 1975. Bandet har alltid vore kjend for eit variert og fengande repertoar og god publikumskontakt. Det viste dei seinast på Dønhauglåven i vår. Mange reknar det som eit av dei beste dansorkestra på Vestlandet.

I jubileumsåret 2005 samla EDO fem av låtane sine på ein CD og gjennom dei seinare åra har bandet samarbeida med fleire kjente orkester og artistar – til dømes Ole Ivars og Gluntan.

I dag består EDO av Lars Johan Ekeland (vokal), Frode Kaldestad (tangent/vokal), Finn Tore Hellesen (gitar), Jan Kristian Hellesen (trommer) og Ove Eikemo (bass/vokal).

Av Ola Matti Mathisen



EDO i aksjon i Helgheim – laurdag er dei i aksjon i båthamna. (Foto: Ola Matti Mathisen)